

Johannes f.1857. Reiste til Amerika.

Anna f.1860. Vart gift med Martin Dahl Stavseng.

Martine f.1864.

23.

Alette Jacobsdotter d.1851. Sjå nr.22.

24.

Knut Olsen f.1806 på Voss.

Det var nok vanskeleg å få tok i eit gardsbruk der i Vossatraktene då han og kona vart gift, og dei var då først i tanke om å reise til Amerika, men så nådde rykta dei om alle som heller drog til Nordland, der det skulle vere godt om plass.

Dei fekk då kjøpa 1/4 av garden Båtstø i 1840, og der vart dei all sin dag. Han vart nok litt aptes med for den uvante dialekten sin, men så var han ikkje så lite av ein dyrlege, som ofte hjelpte folk når det var sjukdom i fjøset, og på det viset vart han snart godkjendt som bygdamann.

Barna deira var:

Ole Knutsen, sjå nr.12.

Andreas Knutsen f.1850. Gift på Breistrand, Dønna.

Beret Knutsdotter f.1843. Ho vart først gift med Nils Daniel Nilsen, Leinesodden, og etter hans død med Nikolai Jacobsen Orvik.

Inceborg. Gift med Andreas ?, frå Skei på Dønna.

25.

Karen Johnsdotter f.1805 på Voss.

Kona til Knut Olsen. Ho skulle vere tante til storspelemannen Sjur Helgeland frå Voss.

Det heiter at under nødsåra bytte ho bort bunadssølv deira i korn hos Jens Rasmusen Bøen.

26.

Nils Olsen Leinesodden f.1795 i Meisfjord.

Han vart gift med Beret Martha Corneliusdotter, som var einearving til garden Ytre Leines, som og er kalla Leinesodden. Beret Marta var fødd på Sirijord, og var søster til Mons Korneliusen Einmo, men ho vart adoptert av tanta si, Marit Hass, Leinesodden, og vart einearving der.

Med dette giftarmålet kom han seg til forholdsvis god velstand. Fiske og gardbruk vart yrket hans.

Nils og Beret Martha hadde desse barna:

Ole Johan Nilsen f.1826. Overtok garden.